



Vedlegg - Årsmelding – ulike grupper

Årsmelding for Alpha-arbeidet 2016

Lye forsamlingshus, 2016

Etter mange års pause blei det starta opp nytt Alpha-kurs på Lye forsamlingshus vinteren 2016. Eit Alpha-kurs gir ei grunnleggande innføring i den kristne trua, og går over 10 veker. Først blei det gjennomført Alpha-middag med ca 40 gjester den 7. februar, og det første kurset starta opp 23. februar. Totalt - med medarbeidarar - var det 40 personar på kurset. Alpha-weekend med undervisning om Den Heilage Ande blei halde på Nordlys leirstad 9.-10. april, der 30 av personane frå kurset var med. Kurset blei avslutta med ny Alpha-fest 10. mai. Kurset hadde deltakarar i alderen 14-69 år, og blei til inspirasjon og fornying av trua for mange.

Nytt kurs blei halde på hausten. Dette starta opp 6. september med rundt 15 personar, og blei avslutta 15. november. Alpha-weekenden blei gjennomført som dagsundervisning på forsamlingshuset den 22. oktober. Dette kurset blei òg til inspirasjon og fornying av trua for deltakarane. Undervisninga på begge kursa blei halde av lokale folk frå Lye og området rundt.

På våren sat desse i leiargruppa for Alpha-arbeidet: Sofie Braut, Geir Tore Salmelid, Kari Stokka og Sigurd Idland. På hausten sat desse: Geir Tore Salmelid, Kari Stokka, Sigurd Idland og Brit Ege Aarsland. Etter det andre kurset i 2016 valde leiargruppa å vente til 2018 med oppstart av neste kurs.

Mvh Sigurd Idland

for Alpha-leiargruppa

Årsmelding Bønetenesta 2016

I året 2016 har vi tilsammen hatt 19 bønnesamlinger. Da samles vi rundt om i hjemmene hos hverandre. Hvis alle kommer, er vi 5 kvinner.

Det er godt å få sette seg ned i hverdagens kav, falle til ro, og legge menigheten, menneskene som bor her og hverandre i Guds hender og omsorg.

Vi har også bønnestund før hver gudstjeneste.

Vigdis Frøyland

Årsmelding frå diakonigruppa 2016

Diakonigruppa har hatt to møter i 2016.

Vi har fokusert på eksisterende arbeid som er i gang; Strikkekafe, Moskus og Språkkafe. Postkassen på Forsamlingshuset til bønnebehov og eventuelt andre behov blir sjekka kvar veke, men blir ikkje mykje brukt.

Vi har vore på to jublantbesøk på Lye.



Dei som er med i Diakonigruppa er: Brit Ege Aarsland, Tor Magne Fjetland, Kristine Grødem, Lillian Hjørnevik, Esperanza Idland, Stein Magne Paulsen og Annbjørg Bjelland

for Diakonigruppa

Annbjørg Bjelland

Årsmelding frå bønegruppa 2016

Bønegruppa samlast i heimane kvar torsdag kl. 09.00.
Dette året har 9 personar vore med i gruppa.

for Bønegruppa

Annbjørg Bjelland

Årsmelding strikkekafeen 2016

Det har blitt arrangert seks strikkekafeer i 2016. Tri på våren og tri i haust. Det varierer litt kor mange som kjem, men det kjem som regel rundt 20 damer - med og utan strikkesøy. Nokre er trufaste og kjem ofte medan andre er med ein gong innimellom. Opplegget er nokså likt frå gong til gong. Enkel mat for salg og ei lita utlodning. Tanken er at det skal vera lett å koma på strikkekafe og lett å ta nokon med seg. Eit lite overskudd blir kvart år overført til forsamlingshuset (diakoniarbeidet) - i 2016 kr 3.000,-.

Mvh Lillian

Årsmelding vedlikeholdsgruppa 2016

Gruppa består av 10 menn som møtes til dugnad 1 mandag pr måned kl.17-20. Frammøtet har vært stabilt og godt. Blant oppgavene i 2016 kan nevnes: steinsetting/singling mellom parkeringsplass og gangveg, stell av busker/trær, rydding ute/inne, ferdigstilt himling kontor ungdomsarbeider, sparkling/tapetsering kontor ungdomsarbeider, flislegging ved heis 2.etasje, montert hyller lager, malt tilbygg, montert ventilasjonskanal 2.etasje.

Trond Heskestad

Årsmelding for kreativ/pyntegruppe 2016.

Kreativgruppe har bestått av ,Lisa Gro Bryne ,Else Paulsen ,Lillian Hjørnevik og Brit Ege Aarsland. Me har hatt ei samling i semesteret , der me har fordelt oppgaver og



ansvar for Gudstenester. Brit Ege Aarsland slutta av som leder før haustsemesteret 2016 .

Mvh Brit Ege Aarsland

Årsmelding projektorgruppa 2016

Lye forsamlingshus

Projektorgruppa har i 2016 hatt forholdsvis stabil drift og bestått av Henning Mæland, Vegard Hansen og Eirik Pettersen (leder). Sistnevnte gikk ut av gruppa ved årsskiftet 2016/2017. Ny leder i gruppa fom. 2017 er ikke bestemt etter det undertegnede kjenner til.

Gruppa har hatt ansvar for projektor på alle gudstjenester, samt ved mesteparten av andre typer samlinger hvor projektor har vært brukt. Gruppa har stort sett kun hatt felles kontakt innad ved oppståtte problemer eller praktiske spørsmål underveis, eller ved spesielle oppdrag.

Projektor-PC viser tegn til oppgraderingsbehov (ny SSD-disk) for å gjøre den kjappere. Dette ble snakket om i slutten av 2016, men ikke gjennomført. En slik kost ligger på 1000-1500 kroner, pluss arbeid.

Programmet som benyttes til projektorvisning er nylig oppgradert. Oppgraderingen av programmet ble i sin helhet dekket av Vegard Hansen som gave.

Lye, 13/2-17

Eirik Pettersen

Årsmelding lydgruppa 2016

Lydgruppa består av Sæbjørn Sandsmark , Ole Hauge, Tom Carlos Slettebø, Sverre Frantsen og Asbjørn Aarsland.

Gruppa har styrt lyd på gudstjenester, søndag samlinger, basar, Alpha kurs, 17 mai, vi syng jula inn og andre møter som er vorte forespurt gruppa.

Tom Carlos Slettebø og Sverre Frantsen styrer stort sett lyd på fredagskvelder og for Lukas.

Lye 7.2 2017

Asbjørn Aarsland



ÅRSMELDING LYE BARNEGOSPEL 2016

Lye barnegospel er eit barnekor for barn frå 5 år og oppover til 3 klasse.

Vi har øvingar kvar måndag ettermiddag.

I 2016 har me vore ein stabil gjeng på ca 25 stykker. Me er fortsatt flest jenter men veldig kjekt at det har kome til fleire nye gitar dette året.

Første halvåret hadde me 12 øvingar og hadde 3 ulike opptredenar. Vi song då på forsamlingshuset og Time kyrkja samt at vi siste øvinga før ferien hadde konsert for dei vaksne. Veldig kjekt og ungane var veldig flinke.

Siste halvåret hadde me 12 øvingar og song då på 3 ulike basarer. Me var med på forsamlingshuset, på Varhaug og på Undheim. Men song og på ei gudsteneste på forsamlingshuset samt deltok på Syng jula inn same stad.

Vaksenleiarar i koret 2016 var Ragnhild Hansen, dirigent. Medhjelpere Marianne Hauge og Morten Slettebø.

Lye 29.01.17

Morten Slettebø

Årsmelding 2016 for Lye Sundagsskule



Innleiing

Lye Sundagsskule har som visjon:

«Vi ønskjer at barna på Lye skal bli betre kjent med Jesus Kristus!»

Dette er målsetjingane våre:

- Barn i alle aldrar skal elska å gå på sundagsskulen
- Barna på sundagsskulen skal bli glade i Jesus og i å følgja han
- Oppmøtet på sundagsskulen skal bli endå større
- Sundagsskulen skal rekruttera og følgja opp unge leiarar
- Lyefjell sundagsskule skal vera blant Norges beste sundagsskular!!

Statistikk

Nedanfor kan ein sjå utviklinga over oppmøtet for dei fire siste åra:

	Samlingar	Totalt oppmøte (utanom ungdomsleiarar)	Gjennomsnittlig oppmøte	Betalande medlemmer
2013	19	709	37,3	60



2014	18	672	37,3	56
2015	19	634	33,4	56
2016 våren	10	302	33,6	59
2016 hausten	9	258	28,7	
2016 totalt	19	560	31,1	

Sundagsskulesamlingane har dei siste tre åra hatt noko ulikt preg:

	Vanlig sundagsskule	BIBELSPRELL- sundagsskule	Film / forenkla sundagsskule	Gudsteneste for store og små
2013	8	3	1	7
2014	6	6	4	3
2015	9	5	4	2
2016 våren	4	2	2	2
2016 hausten	4	2	2	1

Det fallande oppmøtetalet, særleg etter sommaren, er nært knytta til kyrkjemøtet i april 2016 og kva som hende etter det. Ungar og familiar me saknar på gudstenestene er å treffa på sundagssamlingane som starta opp i haust.

Organisering og innhald

Organiseringa av dei ulike opplegga nemnd ovanfor har vore tilsvarande som dei føregåande åra (sjå nærmare skildring årsmelding 2014), og me synst dette har fungert godt. I fjor fekk dei yngste samtalegruppene i BIBELSPRELL eigne dyrenamn og i år fekk leiarane eigne "id-kort".

Stikkord for sundagsskulesamlingane har vore: Andakt, drama, song, bønn, samtalegrupper, formingsaktivitetar, sport og idrett, spel, Lego, leik og andre aktivitetar.

Me har òg enkelte gonger tatt opp kollekt på sundagsskulen til misjonsarbeidet som Claudia og Morten Lende Olsen er med på i Mongolia (sist skuleår) og til Janne Birgitte Ueland sitt misjonsprosjekt i Bolivia kalla "Barn i Bolivia" (dette skuleåret).

Me har heller ikkje dette året hatt abonnement på opplegget Sprell Levande frå Sundagsskolen Norge eller sundagsskulebladet BARNAS. Me lagar ein del av opplegget sjølv, og har mykje opplegg liggjande frå tidligare år. Med mange unge frivillige leiarar har me erfart at det er lettare å engasjera dei når dei får vera med å laga opplegget sjølv. Papegøyen har dessutan vore flittig brukt, og nokre gonger TV Tro eller anna drama.

Av dei fire songane me har hatt på lista frå hausten 2015 (lista med fire songar som me ønsker skal brukast på gudstenestene i den tida ungene er inne: 1) Jeg vil gå, ut og gå. 2)

Hjertepalass. 3) Det står så mye fint i bibelen og 4) Superhelt), har me kanskje til gode å bruka songen om Bibelen meir jamnt; dei øvrige dreg me god kjensel på.

Den siste bibelsprell-gudstenesta hende i nært samarbeid med så vel lyd (som vanleg) som også projektor samt pianist Ragnhild. Det vart ein fin dynamikk og variasjon på dramaframføringane (TV Tro og papegøyeinnslag).

AlfaKrøll

I AlfaKrøll har det vore fokus på bønn, bibel, samtale og aktivitet. Anne Gunn Vassbø og Stina Pettersen (våren -16) eller Simon Pettersen (hausten 2016) har hatt hovudansvaret her. Det har vore rundt 8-10 ungar i denne aldersgruppa kvar gong.

Registrering

Registrering med oppmøtekort og nøkkelband har vore organisert som tidligare (sjå årsmelding 2014), og har fungert godt. Dei som er med er nå inndelt i reine jente- og gutegrupper, og det trivest dei med. Nytt av i år er at kvart team har sin eigen teamleiar frå 7. trinn som kallar inn og elles har ansvar for å rigga/registrera/rydda.

Leiartrening

I tillegg til å tena ungene i sundagsskulen, driv sundagsskulen viktig leiartrening! Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. Også i 2016 har det gjennom året, som året før, vore med ca 15 ungdomsleiarar, i tillegg til mange 7.-klassingar til registreringa.

Gjennom året har det i tillegg til planleggingssamlingar - vore fleire aktivitetar og tiltak for leiarane:

- 12. juni arrangerte me palleløp for heile Lye i Tjoatjørn. Mykje aktivitet og gildt lag. Pølser, kake, brus, andakt og presenning å krype under når regnet kom.. Mange sprang over pallane som blei frakta på dagnad og det var ein gild aktivitet for heile



gruppa å få dei til å liggja i og nå tvers over heile vatnet. Etterpå blei dei levert til ulike St.hans-bål. 21. august starta me opp hausten med planlegging, boller, saft og

gele-spa-bading i hagen hjå Jorunn Pettersen. Dette var både ein samanspleisande og kjekk start på eit nytt semester.

- 11.-13. september var det styre-weekend for alle ungdomsstyrene på Stavtjørn Fjellståve, der ungdomsleiarane frå sundagsskulen var invitert med. Programmet bestod av teambuilding, møter med lovsong og taler, ord for dagen og mykje kveldskos og underhaldning.
- 18. september reiste tre vaksne og tretten ungdommar på kjekk teambuilding på Bru kor me skulle leia kvarandre som "blindebukkar" gjennom ei morsom og utfordrande løype. I pausen grilla me i sola og hadde medbrakt kake/kvikklunsj. Eit høgdepunkt, bokstaveleg tala, var då me skulle lempa kvarandre over ein fire meter høg vegg. Dagen vart avslutta med balansering og ball, før leiar repeterte dei tre prinsippa me lærte denne dagen: Me gjer så godt me kan, me hjelper kvarandre og me er positive!
- 22. desember hadde me juleavslutning for ungdomsleiarane med peparkakehusbyggings-konkurransse og leiker heime hos Anne Gunn Vassbø. Ein koselig og leken kveld, der sju av ungdomsleiarane deltok!



Andre aktivitetar

- 6. mars hadde me årsmøte i etterkant av ei gudsteneste på ungdomsloftet. Både små og store med slips (!) deltok, og det blei ein fin samtale og sundagsskule-evaluering.
- Palmesundag (20. mars) var fleire av ungdomsleiarane med på å framføre eit mini-påskespel på gudstenesta.

Leiarar

- Desse sat i styret etter årsmøtet i 2016: Sigurd Idland (leiar), Anne Gunn Dovland Vassbø, Liv Heidrun Heskestad, Jorunn Pettersen, Solveig Pettersen (ny), Synnøve Skårland (ny). Frå hausten vart det forandringar: Pga permisjon overtok Anne Gunn for Sigurd, mens Marianne Hauge kom inn for Liv Heidrun som trappa ned sitt engasjement. Styret hadde fire styremøter i 2016, og behandla 22 saker.
- Andre vaksenleiarar som har vore med (utanom styret): Miriam Lende Risa og Esperanza Idland. Dessutan har Eirik Pettersen og Sigbjørn Vassbø hjelpe praktisk med diverse, som data, projektor, palleløp og rydding.
- I tillegg var desse med som leiarar i samtalegrupper under BIBELSPRELL-sundagsskule: Hildegunn Undheim, Kristine Grødem, Margunn Salmelid, Stina Pettersen, Marianne Hauge, Anne Gunn Vassbø. Vikarar har vore Miriam Risa Lende,



Kari Stokka, Anna Bergitte Skårland, Margaret Harestad, Jorunn Mæland og Jorunn Ueland.

- Ei veke i vår var Tobias Vassbø med Sigurd Idland og Oddny Underhaug då han denne veka hadde arbeidsveke på kyrkjekontoret.
- Ungdomsleiarar gjennom heile eller halve året har vore: Solveig Pettersen, Stina Pettersen, Simon Pettersen, Ida Terese Ueland, Janne Birgitte Ueland, Renate Salmelid, Joakim Salmelid, Andreas Harestad, Tobias Vassbø, Kristoffer Vassbø, Diana Čekišova, Amalie Stokka, Gina Sørлие, Synnøve Skårland, Stian Pettersen, Åsne Skårland, Henriette Oma, Maria Slettebø og Renate Undheim. Dei siste fem rykka i august opp i åttande og dermed frå registrering til ungdomsleing.
- Desse 7.-klassingane har vore med ved registreringsbordet inneverande skuleår: Lotte Sørлие med team: Sara Slettebø samt forsterking ved Åsne Skårland frå 8. trinn, og teamleiar Sondre Harestad med team: David V Kristiansen, Jørgen Netland, Magne Skårland og Erlend Stokka. Gutane og jentene registrerer kvar andre gong, og akkurat desse registreringsgjengane har vore med frå 6. trinn pga behov.

Takk!

Me ønskjer å takka alle desse som på ulikt vis har vore med og gjort ein innsats i sundagsskulen! Takk til alle dei unike og flotte leiarane for fantastisk innsats gjennom heile året eller deler av året. Mange takk òg til revisor Elisabeth S. Obrestad. Og takk til Gud som ga oss denne tenesta!

9/1-2017, Anne Gunn Vassbø

Årsmelding Juniorkro 2016

Vi har på juniorkro vert 12 – 15 i gjennomsnitt hver gang, både før og etter sommerferien. Kanskje nærmere 15 før og nærmere 12 etter. Nesten halvparten sluttet til sommeren da de ble for gamle, noe som tyder på at rekrutteringen har vert god.

Aina Skrettingland gav seg i styret etter sommeren pga. jobb, så styret er pr. dags dato Tobias Vassbø, Kristoffer Vassbø, Geir Atle Apeland, Ida Terese Ueland og Anders Høgsås. Dette har fungert veldig bra, men blir litt sårbart når noen er borte. Det har vert snakk om å forsøke å rekrutere nye, og vi har noen klare til høsten. Utover vårhalvåret fortsetter vi som planlagt. Har en del foreldre å spille på de gangene det trengs.

Året som gikk.

Det har vert et stort sett positivt år. Styret har hatt det kjekt og trives, og deltakerne har trives. Vi har gjort mye forskjellig, men ting kan nok enda forbedres. Oppmøtet har vert ganske jevnt og det er gøy å se at det kommer enkelte nye innimellom.



En typisk Juniorkro foregår som følgende: Vi samles oppe for en liten andakt og litt hygge. Deretter er det aktiviteter. Dette innebærer Karneval, filmkveld, bursdagsfeiring, og bowling, m.m. Den siste halvtimen går vi opp igjen. Her har vi spill, bordtennis, airhockey, og i tillegg åpner vi opp kiosken. Her er vi og bare har det kjekt til kl blir halv 9. Vi avslutter kvelden med felles «Fader vår».

Ungdomsarbeiders tanker om året

Det har vært et spennende år uten de altfor store oppturene og nedturene. Tidligere har Sigbjørn Vassbø vært med, og savnet etter han merkes. Det mest utfordrende har nok vært de gangene det har vært noe korpsrelaterte arrangementer, da 3 av lederne går i korps. Heldigvis har vi en del andre voksne vi kan spørre om hjelp.

Anders Høgsås

ungdomsarbeider

Årsmelding for Blå Kors Ung speidere Lye 2016



ALLTID BEREDT



Styret og leiarar:

Styret i Lye Blå Kors speidarar har i 2016 bestått av:

- Leiar: Trygve Netland
- Sekretær: Sigurd Idland
- Kasserar: Maria Netland
- Styremedlem: Per Magne Lende
- Styremedlem: Gunnar Undheim

Det har vore 2 styremøter og blitt behandla 13 saker.

I tillegg har desse vore med som leiararar:

- Morten Sørli
- Frank Bjørkhaug
- Asmund Berge
- Sondre Harestad
- Kristoffer Hestevoll
- Lill Stine Egeland
- Helene Kallberg



Me har og fått hjelp av andre foreldre når me har hatt behov for det.

Antall medlemmer

Pr 31.12.16 var det 60 medlemmer.

52 speidere og 8 leiarar.

Årsmøte blei halde 16. mars. Det var då vedtatt å endra namn på gruppa til: Blå Kors Ung speidere Lye. Dette vert gjort etter pålegg frå Blå Kors Norge.

Våren 2016:

På våren hadde me 4 grupper. Her er oversikt over semesteret:

Gruppe	Fødde	Medlem	Gruppemøter	Overnattingsturar
Beverar	2008	12	9	1
Småspeidarar 1	2007	18	9	2
Småspeidarar 2	2006	11	9	2
Stifinnarar	2005	4	9	2

Hausten 2016:

På hausten starta 16 nye 2. klassingar i ein ny beverkoloni.

Elles delte me dei inn i Småspeidarar og Stifinnarar. Her er oversikt over semesteret:

Gruppe	Fødde	Medlem	Gruppemøter	Overnattingsturar
Beverar	2009	16	6	1
Småspeidarar	2007-08	26	7	1
Stifinnarar	2005-06	10	7	1

Overnattingsturar:

Våren 2016 var 10 av stifinnarane og småspeidarane med på Forenesdagane. Det er ein leir som kretsen arrangerer på leirstedet Camp 773 på Jørpeland. I juni var det overnattingstur for alle speidarane. Denne gongen var me ved Taksdalsvatnet.

Sommaren 2016 var 2 speidarar og 2 leiarar på ei veker leir på Evje. Her var det samla ca. 1000 speidarar og leiarar frå dei 5 korpsa i Norges Speiderforbund. Hausten 2016 hadde me felles helgetur for alle speidarane på camp 773.

Økonomi:

Viser til regnskap for Blå Kors Ung speidere Lye

Speidaraksjonen:

I april 2016 samla BKU speidere Lye inn kr. 5313.- til speidaraksjonen 2016. Det er ein innsamlingsaksjon som speidarar i heile Noreg er med på. Dette året gjekk pengane til Flyktningshjelpens arbeid for syriske flyktingebarn i Libanon.

St.Hans feiring

Med stor spenning inviterte Speidarane til St.Hans feiring i speidarskogen. Me satte opp grillar og gjorde klar ny bål plass, som me hadde laga på dugnad. Det var og nokre aktiviteter



for barn. Det kom mellom 70 og 80 personar på feiringa. Me blei oppfordra til gjere det same neste år og.

Korpsting:

2.-4. september reiste 4 speidarar og 2 leiarar på korpstinget for alle Blå Kors speidarar i Norge. Dette året var det Flekkerøy Blå Kors sjøspeidarar som var vertar. Dette var ei kjekk helg, og det var triveleg å knyta kontakt med dei andre speidargruppene i Blå Kors Speidarane.

Styret takkar gode leiarar for fantastisk innsats i 2016.

Styret for Blå Kors Ung speidere Lye:

Trygve Netland, styreleiar

Maria Netland, kasserar

Sigurd Idland, sekretær

Per Magne Lende, styremedlem

Gunnar Undheim, styremedlem

Årsmelding for KRIK LYE 2016

I året 2016 har KRIK LYE hatt tilbud for ungar frå 5. kl og oppover til godt vaksen alder. Aldersgruppene blir delt inn i fire grupper; junior (5 – 7.kl) , ungdom (8 – 10.kl), vidaregåande (vidaregåande ++) og senior (ca. 25 år ++). Me arrangerer to KRIK samlingar kvar fredag i Lyehallen, med ulike aldersgrupper i partal og oddetalsveker. KRIK samlingane består av mykje leik, ballspel, stafettar og ein kort andakt. For oss leidarar er det viktig at me har det kjekt i lag, og ser deltakarane! I året som har godt har me hatt variert oppmøte, av og til mange og av og til få.

Styret av KRIK LYE består av 6 frivillige ungdomar og 3 frivillige vaksne. Det er to ungdomsledarar som har ansvaret for kvar KRIKsamling og dette rullerer me på gjennom året. Me har styremøte cirka ein gong i månaden der me tar opp ulike saker for å kunne tilby eit best mogleg arrangement for ungdommane på Lye. Men styremøta er også med på å gjera at me som KRIKledarar får eit betre samhald, som også gjer at me blir meir trygge på kvarandre. I tillegg arrangerer med teambuilding for styret, dette er for å betra samhaldet og skapa stor trivsel i styret. Dette håpar me synast på KRIKsamlingane, slik at deltakarane vil føla seg trygge på oss leidarar.

Gjennom KRIK ser me at barn, ungdom og vaksne får vera i aktivitet, leika og spela ilag, utan at prestasjon og vinning er det viktigaste. I tillegg opplever me at mange deltakarar som kjem på KRIK ikkje deltar på anna kristent ungdomsarbeid på Lye. Me syns difor det er flott å ha eit kristent alternativt tilbud som ligg kjente og trygge omgjevnadar som idrettshallen på Lye er. Orda IDRETTSGLEDE, TRUSGLEDE og LIVSGLEDE summerer godt kva me i KRIK har gjort og opplevd i 2016!



Sverre Frantzen

Leiar

Årsmelding for fredagskvelden 2016

Oppmøte på vårhalvåret lå på rundt 20 stk i snitt. Høsthalvåret så vi en stor nedgang og lå om lag rett under halvparten. Vi har ved utgangen av 2016 XX betalende medlemmer. Mindre oppmøte fører også til mindre folk i styret, og styret består nå av Geir Atle Apeland (leder) Sverre Frantzen og Amalie Stokka. Vi har forsøkt å få inn noen flere, helst jenter, men det har vært vanskelig.

Året som gikk

Det har vært et spennende år med mye opp og ned. Vi har merket generasjonsskiftet i større grad enn fryktet, noe som i kombinasjon med et lite kull 8. klassinger, har ført til et relativt labert oppmøte. Spesielt på høsthalvåret. Det har derimot tatt seg opp utover kvelden når gjengen fra krik har kommet.

Arrangementer

- Itte skuleti.
Dette er et fast innslag hver torsdag i et forsøk på å samle ungdommen i en litt mer uhøytidelig setting på forsamlingshuset. Det har i stor grad vært den samme gjengen som har benyttet seg av dette tilbudet, og vi jobber med måter å rekruttere nye på.
- Vinterweekend
I februar dro vi på vinterweekend til Stavtjørn med en gjeng på om lag 30 stk. Der hadde vi andakt, leker, mat, og god stemning. Lørdagen dro halvparten ut å sto på ski mens resten tok det rolig på hytta.
- Påskenattsgudstjeneste.
Tradisjonen tro ble det holdt påskenattsgudstjeneste påskeaften. Her var det en god gjeng fra lye som var med å bidro.
- 17. Mai
På 17. mai tente vi opp grillen og inviterte Frikirka på Bryne og Fotland. Det var en kjekk kveld med omtrent 30 stk til sammen.
- Styreweekend.
På høsten dro vi på styreweekend til Stavtjørn. På grunn av kræsje med noe opplegg for søndagskolen så ble det en veldig redusert gjeng som dro opp, men vi 9 som var der hadde det kjekt. Lørdagen gikk med til å ha det kjekt, slappe av, og ikke minst teambuilding. Vi hadde også ord for dagen og møter.
- Nyttårsfeiring.
I år dro vi omtrent 20 stk fra Lye for å feire nyttår på Undheim. Her var det god mat, god underholdning, taler og et møte. Dette resulterte i et videre samarbeid med Undheim som jeg kommer nærmere inn på senere.



- Bibelgrupper.
Også i år har vi hatt 2 bibelgrupper. Svein Kåre Harestad leder fremdeles en for VGS hvor de er 6-7 stk. Jorunn Pettersen og Andes Høgsås leder fremdeles for ungdomsskolen. Her er oppmøtet 8-9 stk.

Ungdomsarbeiders tanker om året

Det har vært et år med mye opp og ned. Spesielt høsten har vært litt tung med stadig synkende oppmøte. Men på tross av dette har det vært lyspunkter langs veien. Blant annet har det begynt noen nye, og det har vært en ørliten oppsving før jul. Dette momentumet håper vi å dra med oss videre inn i 2017. Så langt lover det godt, og jeg ser med positive øyne på året som kommer.

Anders Høgsås

ungdomsarbeidar

Årsmelding for Lukas 2016

Lukas startet opp 1. september i høst. Siden da har koret hatt øving annenhver torsdag fra kl. 19.30 til 21.30 (i 2017 øver vi fra 19.15.). Vi har hatt fire opptredener: Husbasaren, en gudstjeneste, fredagskvelden og Vi synger julen inn. Alle opptredenene var på Lye. 1. desember var det teambuilding.

Ragnhild Hanssen er dirigent. Hun har med seg Vegard Hanssen, Jorunn Ueland, Geir Bjelland, Anna Bergitte og Frode Skårland. Disse utgjør styret i koret. Sverre Frantzen gjør en flott jobb som lydmann!

Koret består av 15 betalende medlemmer, 5 gutter og 10 jenter.

Styret er veldig fornøyde med oppstarten.

Frode Skårland

ÅRSRAPPORT FOR MOSKUS 2016

Moskus har hatt 8 samlinger i løpet av året.

Det har til sammen vært 62 deltakere.

Tallet på deltakere har variert fra 4 til 15.

Aktivitetene har vært besøk til nye Bø skole på Nærbø, Oilers-kamp og tur til Steinkjerringa på Høg Jæren. En av samlingene som samlet flest deltakere var da vi diskuterte kommunesammenslåingen tidlig på året. Ellers har det vært populært med samlingene i Stadion Bowling på Bryne.

Tor Magne Fjetland og Stein Magne Paulsen



Årsmelding for 2016 - Språkkafé / Internasjonal kafé

Språkkafeen på Lye forsamlingshus har vært en møteplass for innvandrere og nordmenn. Målet er å praktisere norsk og å skape nære relasjoner mellom nye landsmenn og nordmenn, og slik bidra til innvandrernes integreringsprosess i det norske samfunnet, med spesielt fokus på Lyefjell-området. I år har vi byttet navn til Internasjonal kafé, med tanke på å gi rom til også andre aktiviteter enn språktrening, og muligheter for å dele det kristne budskapet.

I året 2016 har vi hatt 10 møter med gjennomsnittlig oppmøte på 6-8 nye landsmenn og omtrent 8 trofaste norske og noen andre norske frivillige som har stukket innom i blant. Vi har pratet, spist litt og vi har hatt noen Tanker for kvelden/andakter. Antall deltakere har blitt redusert bl.a. fordi noen av dem har flyttet fra Lye. Til tross for det har det fortsatt kommet noen på møtene, og det er en overvekt av menn.

Styret ønsker å fortsette med Internasjonal kafé i året 2017. Esperanza Idland er i permisjon fra dette arbeidet i år, men det er flere andre engasjerte frivillige som gjør en fantastisk innsats både på møtene og som medvandrere for noen av de nye landsmenn vi har hatt kontakt med.

Esperanza Idland

08.02.2017

Årsmelding AGAPE 2016

Agape er eit barnekor for barn frå 4. til 7. trinn på Lye forsamlingshus. Våren 2016 øvde me annakvar tysdag frå kl 18 – 19. Me øver inn sanger og repertoar med tydeleg kristent budskap for framføring i gudstenester på Lye forsamlingshus og andre stader ved førespurnad. Berit Yri har vore med som leiar.

Medlemskontingent er 100 kr pr halvår. Våren 2016 hadde koret 6 betalande medlemmar, men det har vore meir eller mindre 14 jenter innom i løpet av semesteret.

På våren hadde me 9 øvingar og 3 opptrednar, ein på gudsteneste på Lye forsamlingshus, ein på ope hus på Fotland bedehus og høgdepunktet med deltaking på fellesgudstenesta på torget på Jærdagen.

Frå og med hausten 2016 er Agape dessverre lagt ned pga mangel på leiarar. Magnhild Sørлие og Berit Yri ønska å slutte som leiarar. Det blei informert til forsamlingsstyret men det lukkast ikkje å skaffe nye leiarar til koret.

Det har vore ein kjekk gjeng med store barn som likar å synge og spre evangeliet om Jesus.

Time 9.2.2017

Magnhild Sørлие
Leiar